



# ALVER

KOMMUNE

**Detaljreguleringsplan**  
**Fv. 5310 Fosse – Moldekleiv,**  
**med oppgradering av Fossekrysset**  
**125620160012**

Føresegner

(jf. plan- og bygningslova § 12-7)

Utval	Sak	Dato	Vedtaksstype	ArkivID
UDU	90/2018	12.11.2018	§12-10	16/286
APM	017/21	03.02.2021		20/281
KS	006/21	18.02.2021	§12-12	20/281



Sist revidert 07.08.2023



## §1. SIKTEMÅL MED PLANEN

Formålet med reguleringsplanen er å betre trafikktryggleiken for gåande og syklende i området, samt å utbetre/trafikksikre fylkesvegen. Planen legg til rette for:

1. Separat, gjennomgåande tilbod for gåande og syklende på heile strekninga, inkludert tilrettelegging av naudsynte kryssingspunkt.
2. Vegutbetring som gjev betre framkomst på strekninga.
3. Sanering eller utbetring av uoversiktlege kryss og avkøyrslar.
4. Utbetring og flytting av kollektivhaldeplassar langs strekninga.
5. Det er gjort avbøtande tiltak i høve til inngrep i dyrka mark, med formål om å oppnå positiv arealrekneskap på råka dyrka mark.

### **§1.1 Generelt**

Planen inneheld plankart (6 ark) i målestokk 1:1000, datert 09.06.2023, planskildding datert 09.06.2023, og føresegner datert 09.06.2023. Planen si avgrensing er vist i plankarta.

### **§1.2 Føremål knytt til midlertidig rigg- og anleggsområde**

For å sikre areal til rigg- og anleggsområde, vert det regulert inn eit anleggsbelte med underliggende formål, utanfor formåla for samferdsle. Tiltak i samsvar med desse underliggende arealformåla kan ikkje handsamast etter denne reguleringsplanen, jf. § 4.1 i føresegnene. Dette gjeld:

- Bustader (B) /Bustader - Frittliggjande småhus (BF) /Bustad – konsentrert småhus (BK)
- Forretningar (FOR)
- Offentleg eller privat tenesteyting (T)
- Idrettsanlegg (IDR)
- Bustad/forretning/kontor (B/F/K)
- Forretning/kontor (F/K)

### **§1.3 Bygning som skal fjernast (§ 12-7 nr. 2)**

Bygningar som skal fjernast er markert i kartet med kryss, som vist på følgjande plankart:

- Plankart R002 – eigedom 325/65
- Plankart R003 – eigedom 325/66, 325/171, 326/58, 326/129 og 326/61

## §2. FELLES FØRESEGNER FOR HEILE PLANOMRÅDET

### **§2.1 Terrenghandsaming og vegetasjon (§ 12-7 nr. 1, 6)**

Alle terrenginngrep skal skje på ein mest mogleg skånsam måte i høve til omgjevnadane. Skjeringar og fyllingar skal rundast av og verte tilpassa tilgrensande terreng. Det skal så langt som råd er revegerast med stadeigne massar og stadeigen vegetasjon. Terrenghandsaming skal gjerast ferdig samtidig med resten av anlegget.



## §2.2 Vern om ureining

1. Det skal leggjast vekt på at ureina vatn, partikkelureining ikkje vert slept ut i bekker og vatn. Byggjeplanen skal omtale løysing for handtering av ureining i anleggsfase og driftsfase.
2. Eventuelle ureina massar skal leverast til godkjend mottak.
3. Eventuelle tiltak skal overvakast undervegs for å unngå forureining som kan gå utover naturmiljø og biologisk mangfald i vassførekomstane.

## §2.3 Støy (§ 12-7 nr. 3)

Tilrådingane i den til ei kvar tid gjeldande versjonen av «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging», skal følgjast. Dette gjeld òg for anleggsfasen.

Raud støysone frå vegtrafikk er merka med omsynssone H210 på plankart. Gul støysone frå vegtrafikk er merka med omsynssone H220 på plankart.

## §2.4 Tilgjenge (§ 12-7 nr. 4)

1. Prinsippet om universell utforming skal leggjast til grunn ved prosjektering av veganlegget.
2. Busshaldeplassane skal utformast slik at dei kan nyttast av alle menneske på ein likestilt måte så langt det er mogleg, utan spesielle tilpassingar eller hjelpemiddel.

## §2.5 Kulturminne (§ 12-7 nr. 6)

Dersom det under anleggsarbeidet blir avdekka ukjende kulturminne må arbeidet straks stansast og rette mynde kontaktast varslast jf. Kulturminnelova § 8.2.

Det skal takast særskilt omsyn til SEFRAK-registrerte bygg, som angjeve i planomtalen i kapittel om Kulturmiljø og kulturminne, i samband med anleggsgjennomføringa.

## §2.6 Arbeid på jordbruksareal (§ 12-7 nr. 4, 6)

1. Det skal ikkje utførast anleggsarbeid på fulldyrka eller overflatedyrka mark i vekstsesongen utan godkjenning av kommunens landbruksavdeling. Ved fjerning av matjord skal grunneigar, kommunen og byggherre informerast slik at ein har høve til å ta kvalitetskontroll på arbeidet. Areal som skal ferdigstillast som dyrka mark skal såast til med det same anna arbeid er ferdig. Byggjeplan skal skildre frøblandingar, og val av frø blanding skal vera gjort i samarbeid med kommunens landbruksavdeling.
2. Tiltakshavar skal ta prøvestikk av matjordlaget på dei aktuelle stadane slik at maskinførar har nok kunnskap til å kunne skilje matjord frå underliggende lag. Matjordlag som skal fjernast skal ikkje blandast med ande lag eller massar, og den må derfor lagrast på duk. For mellombels lagring skal han lagrast i rankar ikkje høgare enn 70 cm. Opne matjordmassar i mellombels lagring skal dekkast til med vekstduk. Mellombels lagring utanfor plangrensa avklarast med kommunen.



3. Det skal nyttast beltegåande gravemaskinar med lågt marktrykk til planeringsarbeid for å minimere komprimeringsskadar på jorda. Bulldosar skal ikkje nyttast.
4. B-sjikt med god struktur skal ikkje blandast med under- eller overliggande lag, men mellomlagrast for seg sjølv i rankar ikkje høgare enn 1 meter. Dei skal planerast med stor, beltegåande gravemaskin i same djupne som dei originalt hadde. Der nytt B-sjikt skal etablerast skal denne ha ei djupne på minimum 80 cm inkludert A-sjikt (matjordlaget) A-sjikt bør vera 30 cm.
5. Drenerande lag skal sikre at overliggande massar ikkje får ståande vatn, eller at det blir for stor avrenning av overliggande massar. Der ein gjer inngrep i allereie fulldyrka mark skal grunneigar rådførast for best mogleg handtering og kartlegging av eksisterande drenering. Det skal utarbeidast dreneringsplan for både nye og eksisterande teigar.

## §2.7 Revegetering mot dyrka mark (§ 12-7 nr. 4, 6)

Revegetering mot fulldyrka mark skal utførast med frøblanding godkjend av grunneigar eller med stadeigen vegetasjon.

## §2.8 Revegetering av sideareal (§ 12-7 nr. 4, 6)

Revegetering av sideareal skal gjerast med standard frøblandingar for vestlandet, eller med stadeigen vegetasjon.

## §2.9 Svartelista artar (§ 12-7 nr. 4, 6)

Tiltakshavar pliktar å fylgje opp anlegget i 3 år etter ferdigstilling for å sikre at ikkje svartelista artar har følgd med nye massar.

Om ein finn svartelista artar, eller aggressive artar som lyssiv og høymole, i eksisterande eller nye massar, skal desse massane fjernast. Det skal ikkje nyttast kjemisk ugrasfjering. Termisk varmemhandsaming i linja skal utførast før ein kan byrje å arbeide med infiserte massar.

Anleggsmaskinar skal reingjerast på staden, der desse har vore i kontakt med infiserte massar.

## §2.10 Bekkar/elver (§ 12-7 nr. 1, 2, 4)

1. Røyr skal dimensjonerast etter dagens flaumproblematikk etter Statens vegvesen sine handbøker, inkludert eit 50% klimapåslag.
2. VA-plan skal sikre tilstrekkelege dimensjonar for alle bekkar og elver innanfor planområdet.
3. Bekkane på Sunde og på Fosse skal i tillegg ha erosjonssikring mot jordbruksareala.
4. Bekken ved avkøyring til Moldekleivmarka vert lagt i rør.
5. Bekkar og elvar kor ein gjer inngrep, skal i størst mogleg grad tilbakeførast, og ein skal legge til rette for reetablering av kantvegetasjon.



### **§2.11 Aktsemdsone for snø- og steinskred (§ 12-7 nr. 1, 2, 4)**

I følgje kart frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) og *Norges geologiske institutt* (NGI) ligg store deler av planområdet innanfor aktsemdsone for snø- og steinskred. Det skal gjerast fagkyndige skredvurderingar etter kvart som fjell vert avdekket i anleggsperioden, og på dei strekka som ligg innafor aktsemdsona for skred.

## **§3. UTFYLLANDE PLANAR OG DOKUMENTASJON (§ 12-7 nr. 12)**

### **§3.1 Krav om byggjeplan**

Før utbygging av veganlegget kan starte opp, skal det liggja føre ein byggjeplan med utgangspunkt i denne reguleringsplanen, basert på Statens vegvesen sine handbøker og retningslinjer. Prinsipp for utforming av sideareal, revegetering, utforming av tekniske anlegg og støyskjerming skal gå fram av byggeplanen.

### **§3.2 Ytre miljøplan (YM-plan)**

Det skal utarbeidast ein plan for ytre miljø (YM-plan) som skal ha særleg fokus på forureining, og plan for avbøtande tiltak. YM-planen skal liggje føre saman med byggjeplan for veganlegget. Tiltakshavar skal sørge for at tiltak som er skildra i plan for ytre miljø (YM-plan) vert innarbeidd i kontrakt med entreprenør for utbygginga, og at YM-planen vert oppdatert ved behov. Før anleggstart skal handtering av artar på framandartlista leggast fram for kommunen si handsaming som ein del av prosjektet sin YM-plan. YM-plan skal innehalde rutinar for å unngå spreiding av artar på framandartlista ved flytting av massar og deponering i anleggsfasen og tre år med nedkjemping etter at anlegget er gjennomført. Perioden blir forlenga dersom det framleis er spreiding. Ein risikoanalyse for aktivitetar der det er registrerte artar i framandartlista skal leggast fram i byggeplan.

### **§3.3 Sikkerheit, helse og arbeidsmiljøplan (SHA)**

Byggherren skal utarbeide SHA-plan. Tiltak som hindrar arbeidsulykker og ulykker med mjuke trafikantar i samband med anleggsarbeid, skal sikrast gjennom denne planen. Under anleggsperioden skal det til ei kvar tid vere sikra trygg skuleveg for barn og unge. Som ein del av SHA-planen skal det også utarbeidast ein eigen plan for midlertidig tilbod for skulebarn.

### **§3.4 VA og overvasshandtering (§ 12-7 nr. 4, 12)**

VA-rammeplan datert 13.01.2021 er rettleiande for den vidare detaljprosjekteringa og byggesakshandsaminga.

Detaljprosjektet VA-løysing skal godkjennast av kommunen før anleggstart.

### **§3.5 Plan for massehandsaming**

Før oppstart av anleggsarbeid skal det utarbeidast og godkjennast ein plan for massehandtering. Jord frå jordbruksareal (fulldyrka jord og innmarksbeite) skal sikrast vidare bruk. Avfall og ureina massar skal transporterast til godkjent mottak.



### §3.6 Rigg- og marksikringsplan

Tiltakshavar skal utarbeida ein rigg- og marksikringsplan som gjev føringar for gjennomføring av anleggsarbeidet. Rigg- og marksikringsplanen skal gje føringar for følgjande tilhøve:

1. Inngrepsgrenser rundt kulturminne, område og ferdselsårer for friluftsliv.
2. Massehandsaming, inkludert handsaming og lagring av jordmassar som skal nyttast til revegetering i anlegget.
3. Tiltak for å minimere risiko for spreiding av framande artar.
4. Inngrepsgrensa for anleggsarbeidet skal fastsettast i rigg- og marksikringsplanen og merkast med tydeleg fysisk avmerking i anleggsfasen.

Plan skal vise løysing for gardsdrift med beitemark.

### §3.7 Beredskapsplan

Før igangsetting av arbeid skal det utarbeidast ein beredskapsplan som skal godkjennast av nødetatane. Beredskapsplanen skal omtale tiltak, køyremønster og andre løysingar ved eventuell stenging av fv. 5310 i byggjeperioden.

For å sikre tilkomst for utrykkingskøyretøy i anleggsperioden, skal fv. 5312 (Håtuftvegen) nyttast som midlertidig omkøyingsveg. Punktutbetring av kurver, og opparbeiding av møteplass vert gjennomført for å sikre framkomst for mellom anna brannbil.

## §4.FØRESEGNER TIL AREALFORMÅL

### §4.1 BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL § 12-5 nr. 1)

#### 4.1.1 Bygningar og anlegg (BA)

Områda med føremål BA er henta frå gjeldande kommunedelplan. Føresegner i kommuneplanen sin arealdel er gjeldande.

#### 4.1.2 Bustader (B) /Bustader - Frittliggjande småhus (BF) /Bustad – konsentrert småhus (BK)

Områda regulert til dei ulike bustadføremåla er henta frå underliggande reguleringsplanar. For desse formåla gjeld føresegner i underliggande plan.

#### 4.1.3 Forretningar (FOR)

Områda regulert til forretningar, plankart R003, er henta frå underliggande reguleringsplan. For desse formåla gjeld føresegner i underliggande plan.

#### 4.1.4 Offentleg eller privat tenesteyting (T)

1. Området regulert til offentlig tenesteyting o\_T1, plankart R006, er ein del av området for skule og barnehage, er henta frå gjeldande kommunedelplan. Føresegner i KDP er gjeldande.



2. Området regulert til tenesteyting o\_T2, plankart R006, er samlingslokale til Betel, er henta frå gjeldande kommunedelplan. Førsegner i KDP er gjeldande.

#### **4.1.5 Idrettsanlegg (IDR)**

Området regulert til idrettsanlegg, IDR på plankart R006 er henta frå gjeldande kommunedelplan. Førsegner i KDP er gjeldande.

#### **4.1.6 Vass- og avlaupsanlegg (VA)**

På område o\_VA skal det etablerast kommunal pumpestasjon. Innafor arealformålet er det tillate med andre installasjonar naudsynt for vass- og avlaupsforsyning i området.

#### **4.1.7 Renovasjonsanlegg (RA)**

Områda o\_RA skal nyttast som hentestad for avfall.

#### **4.1.8 Bustad/forretning/kontor (B/F/K)**

Områda regulert som bustad/forretning/kontor er henta frå underliggende reguleringsplanar. For desse formåla gjeld førsegner i underliggende plan.

#### **4.1.9 Forretning/kontor (F/K)**

Områda regulert som bustad/forretning/kontor er henta frå underliggende reguleringsplanar. For desse formåla gjeld førsegner i underliggende plan.

### **§4.2 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 12-5 nr. 2)**

#### **4.2.1 Felles førsegn for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§12-7 nr. 1 og 4)**

1. Løysingar for veg- og gateutforming i den til ei kvar tid gjeldande handbok N100 skal liggje til grunn for utforming av vegane med gang-sykkelveg, fortau og teknisk infrastruktur. Tekniske teikningar skal vera utarbeidd i tråd med ein kvar tid gjeldande handbok R700. Teknisk infrastruktur og tilhøyrande samferdselsanlegg for vegstrekninga skal vidare etablerast i samsvar med godkjent teknisk byggeplan.
2. Mindre avvik ved samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, vil kunne skje som følgje av uventa tilhøve, som til dømes grunnforhold eller manglar i kartgrunnlaget. Det kan medføre at areal som skal disponerast til vegformål kan fråvike frå det som kjem fram av planen. Det er tillate med innbyrdes justering mellom samferdselsformål i horisontal og vertikalgeometri.
3. Innanfor arealformåla kan det etablerast konstruksjonar og naudsynte tekniske anlegg og installasjonar.
4. Utvida bruk av avkøyrslar skal godkjennast av vegstyresmakt. Avkøyrslar skal oppfylle krav til sikt og andre krav til utforming gjeve av vegstyresmakt for kvar aktuell veg.



#### 4.2.2 Veg (V) (PBL § 12-7 nr. 1, 4, 7, 14)

##### Offentlege vegar:

- 1.o\_V1 og o\_V2 (Plankart R001) gjeld tilkomstveg til kommunal kai ved Fossesjøen, som vert lagt om for ny tilpassing til fv. 5310.
- 2.o\_V5 og o\_V8 (R003) er eksisterande kommunal veg ved Litlebergen.
- 3.o\_V11 (R004) er eksisterande kommunal veg mot Litlebergen frå Sunde.
- 4.o\_V17 (R005) er eksisterande kommunal veg Moldekleiv.

##### Felles vegar:

- 1.f\_V3 (R001) er felles tilkomstveg for 325/2, 325/19, 325/32, 325/37, 325/49 og 325/147. Denne vert lagt om for ny avkøyrsløse mot fv. 5310.
- 2.f\_V4 (R003) er eksisterande felles tilkomstveg for 325/53, 67, 325/123 og 326/56.
- 3.f\_V10 (R004) er eksisterande felles tilkomstveg for 326/1, 326/5, 326/25, 325/89, 326/90 og 326/91.
- 4.f\_V13 (R004) er eksisterande tilkomstveg for 326/23, 326/114 og 326/125.
- 5.f\_V14 (R004) er eksisterande tilkomstveg for 326/10, 326/24 og 326/10,35.
- 6.f\_V15 (R004) er ny endra tilkomstveg til utbyggingsområda ved Midtsundet og Drageneset.
- 7.f\_V16 (R005) er endra tilkomstveg tilpassa f\_v15 for 326/147 og 326/60.
- 8.f\_V19 (R005) er eksisterande tilkomstveg for 327/89, 327/88, 327/99 og 327/29.
- 9.f\_V21 (R004) er eksisterande tilkomstveg for 327/9 og 327/87.
- 10.f\_V23 (R005) er eksisterande tilkomstveg for 327/23, 327/7, 327/6, 327/9, og 327/47,102.
- 11.f\_V24 (R005/R006) er eksisterande tilkomstveg for 327/104 og 327/46.
- 12.f\_V26 (R006) er eksisterande tilkomstveg for 327/3, 327/95, 327/96, 327/97 og 327/139.

##### Private vegar:

- 1.V6 (R003) er eksisterande veg mot Litlebergen Brygge.
- 2.V7 (R003) er eksisterande veg til Litlebergen båtforering.
- 3.V9 (R003) er eksisterande tilkomstveg for 326/1.
- 4.V12 (R004) er eksisterande tilkomstveg for 326/128.
- 5.V18 (R005) er eksisterande tilkomstveg for 327/21.
- 6.V20 (R005) er eksisterande tilkomstveg for 327/68.
- 7.V22 (R005) er eksisterande tilkomstveg for 327/25.
- 8.V25 (R006) er eksisterande tilkomstveg for 327/6.
- 9.V27 (R006) er eksisterande tilkomstveg for 327/22.
- 10.V28 (R006) er eksisterande tilkomstveg for 328/4,9.
- 11.V29 (R006) er eksisterande tilkomstveg for 328/46.



#### 4.2.3 Køyreveg (KV) (PBL § 12-7 nr. 1, 4, 7)

1. o\_KV1 omfattar fv. 564, inkludert areal til kanalisering av trafikkstraumar med eige venstresvingefelt. Trafikkstilje mot Krossnessundbru er avslutta før landkar, slik at ein ikkje må gjere endringar på bru.
2. o\_KV2 gjeld fv. 5310.
3. o\_KV3 gjeld køyrebane for alle kollektivhaldeplassar langs strekninga.
4. o\_KV4 gjeld kommunalveg Fosse. Ved bygging skal breidde på ny veg tilpassast eksisterande veg.
5. o\_KV5 gjeld fylkesveg fv. 5312, Håtuftvegen. Ved bygging må ein tilpassa seg til breidda på eksisterande veg.

#### 4.2.4 Fortau (FO) (§12-7 nr. 1, 4)

o\_FO er fortau langs offentleg veg. Fortau skal etablerast med minimum 2,5 meter breidde. Fortau skal opparbeidast med fast deke.

#### 4.2.5 Gong- sykkelveg (GS) (PBL §12-7 nr. 1, 4)

o\_GS er areal til offentleg gang- og sykkelveg.

o\_GS1 (R004) er gamlevegen som skal nyttas til køyrbar tilkomst til eigedom 326/10, 326/24, og 326/35. GS-veg må sikrast mot elv for mjuke trafikantar.

Gong- og sykkelvegar skal opparbeidast med fast dekke.

#### 4.2.6 Annan veggrunn – Tekniske anlegg (AVT) (PBL §12-7 nr. 1, 4)

1. Innanfor områda tillét ein etablering av naudsynte skjeringar, fyllingar, grøfter, rekkverk, murar, kulvert, røyr, nettstasjonar og andre tekniske installasjonar.
2. o\_AVT1 (R001): Er eksisterande areal for kommunalteknisk anlegg. Køyretilgang for drift av anlegget er tillate, så lenge drifta er i bruk.

#### 4.2.7 Annan veggrunn – grøntareal (AVG) (PBL §12-7 nr. 1, 4)

Innanfor føremålet tillét ein etablering av naudsynte skjeringar, fyllingar og grøfter. Areal skal dekkast til med jord, og såast til. Innanfor føremålet kan areala nyttast som område for rigg og mellombels deponi i anleggsfasen. Eksisterande vegetasjon skal i størst mogleg grad ivaretakast.

#### 4.2.8 Haldeplass/Plattform (HPP) (PBL §12-7 nr. 1, 4)

o\_HPP er areal sett av til fortau/plattform på busshaldeplassar.

#### 4.2.9 Leskur/Plattformtak (LPL) (PBL §12-7 nr. 1, 4)

Ved alle busshaldeplassar er det sett av areal til leskur, regulert til formål o\_LPL.

#### 4.2.10 Parkering (P) (PBL §12-7 nr. 1, 4, 14)

1. f\_P1 (R002) er felles parkering for eigedom 325/125, 325/21, 325/66 og 325/64.
2. Formål P2 og P3 er parkeringsplassar i småbåthamna ved Litlebergen.
3. o\_P4 (R005): Ved Midtsundet er det sett av areal til kommunal utmarksparkering for tursti mot Moldekleivfjellet.



#### **4.2.11 Teknisk infrastruktur (PBL §12-7 nr. 1, 4)**

1. Føremålet o\_TIS1 er område for trafostasjon ved Litlebergen (plankart R003). Tilkomst til trafostasjonen skal sikrast.
2. Føremålet o\_TIS2 er område trafostasjon ved Moldekleiv (plankart R006). Tilkomst til trafostasjonen skal sikrast.

#### **4.2.12 Avkøyringspil (§ 12-7 nr. 2)**

Plassering av avkøyrslar vist med pil på plankartet er rettleiande, men talet avkøyrslar og kva for ein veg eigedomen skal ha avkøyrslar frå er bindande.

Utvida bruk av avkøyrslar skal godkjennast med vegmynde. Avkøyrslar skal oppfylle krav til sikt og andre krav til utforming gjeve av vegstyresmakt for kvar aktuell veg.

### **§4.3 GRØNSTRUKTUR (PBL §12-5 nr. 3)**

#### **4.3.1 Turveg (TV)**

o\_TV (R006) er tursti ved Moldekleiv/Orråsen.

### **§4.4 LANDBRUKS- NATUR OG FRILUFTSFØRMÅL, SAMT REINDRIFT (PBL §12-5 nr. 5)**

#### **4.4.1 Landbruksformål (L) (PBL § 12-7 nr. 1, 2, 9)**

1. Føremål L er areal som nyttast til landbruk og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden (L).
2. På L8 og L9 vert bekkeløpet noko justert i høve til eksisterande utlaup. For å minske overfløyming av jordet, kan jordet/arealet hevast, men ikkje høgare enn høgda på fylkesvegen.
3. Det skal ikkje deponere forureina massar til planering av nytt jordbruksareal.
4. For areala som vert nytta til anleggsformål i anleggsperioden, skal areala tilbakeførast i samsvar med §2.6-§2.10 og §6.
5. Elles gjeld føresegn i kommunedelplan for landbruksformålet.

#### **4.4.2 Naturformål (N) (PBL § 12-7 nr. 1, 2, 9)**

1. Områda regulert til N er areal som skal nyttast til landbruk, natur og friluftsliv.
2. I føremål o\_N1 ved Krossnessund bru, er det tillate å nytte inntil 10 meter utanfor brukonstruksjonen for naudsynt drift og vedlikehald.

### **§4.5 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILHØRENDE STRANDSØNE (PBL §12-5 nr.6)**

#### **4.5.1 Naturområde i sjø og vassdrag (NSV) (§ 12-7 nr. 1, 2)**

Føremål o\_NSV er eksisterande bekkar, inkludert opning av bekkar som tidlegare har vore i rør. Sone for flaumfare er knytt til fleire av bekkeløypa.

## **§5.OMSYNSSØNER (PBL § 12-6, 12-7 og 11-8)**

### **§5.1 Frisiktsone (H140) (PBL § 11-8 a)**



Innanfor sone for friskt skal det vere fri sikt 0,5 meter over tilstøytane vegar sitt nivå, jf. gjeldande vegnormalar.

### **§5.2 Støysoner (Raud sone - H210 og Gul sone - H220) (PBL § 11-8 a)**

Grenseverdiar i Klima og miljødepartementet si gjeldande retningslinje T-1442 gjeld for planen. Omsynssone H210 gjeld raud støysoner og omsynssone H220 gjeld gul støysoner.

### **§5.3 Flaumfare (H320) (PBL § 11-8 a)**

Innanfor omsynssonene H320, kan en ikkje oppføre bygg og konstruksjonar utan å sikre desse mot flaum. Ein må også ta omsyn til dette i anleggsfasen, jf. TEK17 §7-2.

### **§5.4 Høgspenningsanlegg - inkl. høgspenningskablar (H370) (PBL § 11-8 a)**

Høgspenningsanlegg gjeld høgspent luftlinje i planområdet. Tiltak innanfor bandleggingssone H370 skal godkjennast av linjeeigar. Eventuelle behov for omlegging av høgspenningsanlegg må handterast i samband med byggeplan.

### **§5.5 Kulturmiljø (H570)**

I samband med bygging av veganlegget skal det takast særleg omsyn til alle nyare tids kulturminneverdiar i planområdet. Anlegget skal utformast med estetiske kvalitetar som høver til omliggande kulturmiljø.

1. I omsynssone H570\_1 på gnr./bnr. 326/137, 326/23 og 326/5, plankart R004, skal det ikkje utførast noko arealinngrep som kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekkje til, skjule eller på anna vis utilbørleg vancære potetkjellaren, eller framkalle fare for at det skjer.
2. I omsynssone H570\_2 på gnr./bnr. 325/1-14, plankart R001, ligg det eit automatisk freda kulturminne som er bandlagt etter kulturminnelova. Det automatisk freda kulturminnet er eit aktivitetsområde frå steinalder og har Askeladden id. nr. 151124. Det skal ikkje setjast i gang tiltak som kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekkje til, skjule eller på annan måte utilbørleg vancære det automatisk freda kulturminnet, eller framkalle fare for at dette kan skje. Alle tiltak innanfor sona skal godkjennast av kulturminnemynde. Vedlikehald og drift av eksisterande VA-anlegg i området vist som H570\_2 vert tillate utan å måtte søke kulturminnemynde om godkjenning.
3. I omsynssone H570\_3, plankart R005, skal det ikkje utførast arealinngrep som kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekkje til, skjule eller på anna vis utilbørleg vancære potetkjellaren på gnr./bnr. 327/25, eller framkalle fare for at det skjer.
4. I omsynssone H570\_4, på gnr./bnr 326/16, plankart R003, ligg «Spionhuset». Det skal ikkje utførast noko arealinngrep som kan skade, øydelegge, flytte, forandre eller på anna vis utilbørleg vancære bygningen, eller framkalle fare for at det skjer.
5. I omsynssone H570\_5, på gnr./bnr 326/1, plankart R003 ligg Gamle Storaløo. Det skal ikkje utførast noko arealinngrep som kan skade, øydelegge, flytte,



forandre eller på anna vis utilbørleg vancære bygninga, eller framkalle fare for at det skjer.

### **§5.6 Bandlegging etter lov om kulturminne (H730)**

Omsynssone H730 på gnr./bnr. 325/1-14 – Plankart R001, er automatisk freda kulturminne frå steinalderen, Askeladden id. 151124. Kulturminne er bandlagt etter kulturminnelova. Det skal ikkje setjast i gang tiltak som kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekkje til, skjule eller på annan måte utilbørleg vancære det automatisk freda kulturminne, eller framkalle fare for at dette kan skje.

## **§6.FØRESEGNAR TIL FØRESEGNSSOMRÅDE (PBL § 12-7)**

### **§6.1 Mellombels anlegg- og riggområde (#1)**

1. Områda avsett til anlegg- og riggområde, synt med #1, #2 og #3, kan nyttast til anleggsområde så lenge anleggsarbeida er i gong (i byggjefasen). Områda kan i anleggsfasen nyttast til mellombels massehandtering, mellombelse brakkeriggjar med tilhøyrande trafikkareal, tekniske anlegg, omkøyringsvegar m.m. Områda skal førast tilbake og ferdigstillast med god tilpassing til omkringliggjande terreng.
2. I anleggsperioden skal områda til ei kvar tid vere forsvarleg sikra, og ikkje føre til fare for dei som ferdast i nærområda.
3. Føremål sett av til idrett (IDR) kan etter anleggsslutt forlatast ferdig pukka/grusa, utan tilbakeføring, etter avtale med kommunen. Ein skal då kunne dokumentere masseutskiftingsnivå, om det er utført.
4. Etter avslutta anleggsperiode, og seinast eit år etter at ein delstrekning er opna, skal områda tilbakeførast eller setjast i stand i samsvar med arealformålet. Areal til midlertidig bygge og anleggsområde er gyldig til 10 år etter planen trer i kraft. Ved ferdigstilling av veganlegg innan den tid skal det gjevast tilbakemelding om at midlertidig bygge og anleggsområde kan fjernast frå plankartet.
5. Føresegnssområdet mellombels anlegg- og riggområde blir då oppheva og skravur fjernast frå planregisteret når veganlegget er overtatt til planlagt bruk. Områda skal etter dette nyttast til formål dei er regulert eller disponert til, og med føresegnar frå gjeldande reguleringsplan, kommuneplan eller kommunedelplan.

### **§6.2 Føresegnssområde - Ufforming (#2)**

Området merka #2 kan nyttast som deponi i anleggsperioden. Etter avslutta anleggsperiode gjeld føringar gitt for reguleringsføremålet.

### **§6.3 Føresegnssområde – Vilkår for bruk av areal, bygningar og anlegg (#3)**

Området merka #3 ved småbåthamna kan nyttast til å etablere leidningar for vass og avlaup til sjø. Etter arbeidet med vassleidning, skal arealet opparbeidast til minimum same standard som før anleggsarbeidet starta.



## **§6.4 Føresegnsområde – Vilkår for bruk av areal, bygningar og anlegg (#4)**

Arealet merka #4 er sett av til sti for husdyr i samband med gardsdrift.

## **§7.REKKEFØLGJEKRAV (PBL § 12-7 nr. 10)**

### **§7.1 Miljø**

Ytre miljøplan (YM-plan) og landskapsplan skal utarbeidast som ein del av prosjekteringa og saman med byggeplan.

### **§7.2 Beredskapsplan for utrykkingskøyretøy**

Før anleggsarbeidet kan starte skal det utarbeidast ein beredskapsplan som skal vise korleis ein handterer stenging av fv. 5310 ved til dømes sprenging, med tanke på utrykkingstid for naudetatar. Planen skal vera godkjennast av kommunen før oppstart av anleggsarbeid.

### **§7.3 Plan for massehandtering**

Plan for massehandtering skal vera utarbeida før anleggsarbeidet kan starte.

### **§7.4 Plan for sikring av framkomst for mjuke trafikantar**

Før oppstart av anleggsarbeid skal det utarbeidast planar som syner korleis ein skal sikre framkomst for mjuke trafikantar i anleggsperioden. Planen skal sikra tilkomst til stiar og utfartar langs anlegget under anleggstida. Planen skal godkjennast av kommunen før oppstart av anleggsarbeid.

### **§7.5 Plan for mellombels vegstenging og/eller omkøyning**

Plan for midlertidig vegstrekning og/eller omkøyning skal sikrast innan anleggsstart.

### **§7.6 Landskap**

Terrenghandsaming, etablering av grøfter og andre tiltak innanfor områda regulert som annan veggrunn skal ferdigstillast samstundes som resten av veganlegget. Planting/revegetering av sideareal skal vera ferdig innan vårsesongen etter at veganlegget er opna.

### **§7.7 Bygging av avkøyrsløse**

Det skal vera opparbeidd tilfredsstillande vegar/avkøyrsløse til eigedomar der eksisterande tilkomst er regulert stenge, før eksisterande tilkomst vert stengd.

### **§7.8 Mellombels bygge- og anleggsområde**

Alle område nytta til rigg- og anlegg skal vera ferdig opparbeida tilsvarande slik det var før anleggsstart innan eit år etter at anlegget er teken i bruk. Unntaket er området regulert til formål for idrettsanlegg (IDR).